



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2015/1099-3	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	24.09.2015

Referat frå møte i SU 21.09.15

Hildegunn Rønningen – nestleiar FAU
Anne M. Espelid- leiar FAU
Ragnhild Iversen – representant for lærarane
Helene Lauvdal – nestleiar elevrådet
Ann-Karin Fossli – representant for andre tilsette
Edel Valle – representant for lærarane
Hildegunn Saltbones Tveit – politisk representant
Reidun C. Retterholt – representant for kommunen

Forfall:

Gunnhild Reinholt – leiar elevrådet

Vararep. for elevane, Elias Vee Tveit, kunne ikkje møte.

1) Konstituering:

Leiar: Politisk representant (førebels Hildegunn Saltbones Tveit)
Nestleiar: FAU-leiar (Anne Margrethe Espelid)

2) Møteplan for skuleåret: **16.11, 15.02, 25.04. frå kl. 16.15-19.15 kvar gong.**

3) SU sitt mandat: Det øvste brukarorganet i skulen. Rådgjevande. Kan få delegert vedtaksrett på enkelte område. Viktig å nytte høvet til å skrive høyringsuttaler og vere aktive i politiske saker. Den politiske representanten må vere vaken og følgje med når det er saker SU bør høyrast i.

4) Gjennomgang av eksamensresultat og grunnskulepoeng våren 2015.

- Grunnskulepoeng 40,2. Dette er veldig bra – over gjennomsnitt for Telemark.
- Eksamenskarakterar:
 - Norsk sidemål skriftleg 3,3
 - Norsk hovudmål skriftleg 2,5
 - Norsk munnleg 4,3
 - Matematikk munnleg 3,3

Innspel: Leksene blir mindre etter kvart som elevane blir større. Viktig med mengdetrening. Etter same innspelet i FAU så har dette blitt teke opp med lærarane. Intensjonen er at leksene skal auke med alder – ikkje motsett. Dette vil me ta ein

gjennomgang av på skulen. Viktig å lære seg gode arbeidsvaner. Her er dei på hybel alt frå 15-16-års alderen og har ingen som står over dei.

Resultata vil variere veldig over tid på grunn av små klasser. Det skal lite til før resultata svinger ganske kraftig.

5) Innspel til budsjett 2016:

- IKT! Data er grunnleggande dugleik og me får ikkje følgt det opp. Me får ikkje arbeid med dette på ein god måte. Har for få datamaskiner. Treng og lisensar til tavleressurser. Strever med å gjennomføre Nasjonale Prøver og kartleggingsprøver her pga for få datamaskiner. Får ikkje brukt maskiner i andre fag når ein klasse har ei ikt-basert prøve. Kan ein sjå det som eit investeringsbudsjett dersom det blir over 100.000kr? Bør vere eit klasesett i kvart klasserom med dataskåp. Leiar Hildegunn skriv ei uttale til budsjettsaka på kor viktig det er med styrking av pc-parken her. Send innspel til hildegunn.tveit@nissedal.kommune.no så fort som råd og seinast innan 1. oktober.

6) "Skule i utvikling" med lesing i alle fag er hovudutviklingsområdet nå. Samarbeid med Høgskulen i Telemark.

7) Utdeling av brosjyre "Medlem av skulen sitt samarbeidsutval".

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule